



Arkoconsult  
Pb 103  
5291 VALESTRANDSFOSSEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/488 - 14/9004

Saksbehandlar:  
Kjersti Flatråker  
kjersti.flatraker@radoy.kommune.no

Dato:  
27.08.2014

## Plansak - Privat reguleringsplan - Havgard - Framlegg til reguleringsplanplan - notat etter undervegs møte

Møte 26.08.2014 på Rådhuset, Manger.

Tilstade:

Tiltakshavar: Nina Elisabeth Westerhus, Morten Vågenes og Sigmund Vågenes

Utførande plankonsulent: Widar Sorø og Pål K. Tufta, Arkoconsult AS

Radøy kommune: Tonje N. Epland og Kjersti Flatråker, plan

Arkoconsult presenterte framlegg til detaljregulering for Havgard fjordferie. Plankart, føresegner og planskildring var sendt kommunen i forkant av møtet.

Hovudføremålet med reguleringsarbeidet er å leggje til rette for 2 nye heilårsbustader og frådelling av 1 eksisterande. Området er i kommuneplan for Radøy satt av til næringsføremål og spørsmål om nye heilårsbustader er soleis i strid med overordna plan. Temaet har vore drøfta politisk i møte i hovudutval for plan, landbruk og teknisk. Innafor planområdet ligg ein campingplass med utleige av plassar for campingvognar. Dette arealføremålet må konkretiserast i planframlegget. Kva er tillete og korleis skal ein ta i vare omsyn til brann og liknande.

Campingplassen bør ikkje gå inn i nytt areal mot sjø. Ta ut nordre del av BFT2, og legg inn eksisterande veg som grense mot FRI1.

Planområdet er avgrensa til eigedomsgrensane for teigen og har eit areal i sjø for småbåtanlegg. Her må det definerast kva som er tillete og volum på anlegget. Må inn som byggeområde i sjø med fastsatt byggegrense. Husk på at fortøyingane og skal vere innafor området.

Område for naust må følgje føresegnene i kommuneplan for Radøy. Det må omtalast kva som er tillate i strandsona. Beskriv molo og kai og eventuelt andre tiltak. Parkering skal ikkje vere tema i strandsona!

Er det behov for ein parkeringsplass innafor planområdet?

Veg til dei nye heilårsbustadene er lagt forbi servicebygget til campingplassen. Vurder alternative løysingar for å sikre dei mjuke trafikantane i området.

Byggje- og planeringshøgder må vere del av planarbeidet. Dei skal vise i plandokumenta og tufte på ein vurdering av landskap, profilar, eksponering frå sjø og naboar.

Spørsmål om b ehov for oppgradering av avkjørsle til kommunal veg skal planavdelinga ta vidare til vegsjef i kommunen.

Breidde på interne vegar er satt til 3,5 meter noko som er fornuftig ut i frå eit beredskapsomsyn. Dette må synleggjerast i planen.

Plass for oppstilling av avfallsdunkar må vise i plankartet og omtalast i føresegnene.

Føresegnene må heimles etter plan- og bygningslova sin oppbygging. Løft opp i felles føresegner det som skal gjelde for heile området. Ta ut alt som er heimla i anna lovverk og forskrift. Skriv presist og målbart sett med ein byggjasakshandsamar sitt blick.

Område satt av til fritids- og turistføremål (BFT) må presiserast i føresegnene. BFT4 med servicebygg må ha eige avsnitt.

Larvik kommune og Vestfold har gjort eit stykkje arbeid med plan for campingplassar.

<http://www.nrk.no/vestfold/setter-strek-over-ulovligheter-1.11869230>

<http://tema.webatlas.no/larvik/planinnsyn?planid=201201#>

Revidert plan vert endt planavdelinga i kommunen for gjennomsyn før endeleg innlevering som går til politisk handsaming.

Med helsing

Kjersti Flatråker  
arealplanleggjar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakere:**

Arkoconsult

Pb 103

5291

VALESTRANDSFOSSEN